



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4,
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 08.12.2020

Møtebok Høyanger kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 03.12.2020

Møtetid: kl. 10.00

Møtestad: Høyanger bedehus

Til stades:

May-Wenche Fosmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Monica Sunde Tjønnås, Torunn Styve, Sissel Sørebø, Frode Merkesvik, Andreas Ester.

Meldt forfall:

Tonje Førde Systad, Kenneth Førde.

Kopi av møteboka går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Henjesand Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Toril Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekær, Toril Lange, postmottak Høyanger

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Godkjent utan merknader. Kyrkjeverja ynskte likevel å gje eit par presiseringar i høve første vedtakssak: Framtida til Høyanger bedehus.

Meldingssaker

000025 Soknepresten har ordet

Andreas delte nokre tankar om kor viktig det er å ha håp i vårt liv og i vårt arbeid. Vi treng håp, og lyspunkt! Jesus har sagt at han er lyset i verda, og at vi skal la lyset frå han nå ut til andre. Vi kjem med ein god bodskap, som skaper håp og framtidstru der den blir tatt imot.

000026 Rekneskapsrapport 2020

Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet

000027 Høyanger kyrkjelege fellesråd si nye heimeside

Kyrkjeverja orienterte om at den gamle heimesida vert fasa ut i løpet av desember, og at den nye heimesida skal vere fullt operativ frå 01.01.2021. Alle møteprotokollar frå sokneråd og fellesråd skal vere lagt ut og tilgjengelege på den nye heimesida.

000028 Fellesrådet sin budsjettsøknad 2021

Kyrkjeverja orienterte om budsjettprosessen. Vi ligg an til å få det beløpet i kommunalt driftstilskot for 2021, som vi søkte om frå Høyanger kommune. Unytta investeringsmidlar i 2020, og det som stod i økonomiplanen for 2021 er no omdisponert. Når vi har eit ferdig planlagt prosjekt for glasmaleriet i Høyanger kyrkje, kan vi sende ein søknad om dette i 2021.

Vedtakssaker

Sak 023/20 FRAMTIDA TIL HØYANGER BEDEHUS

Til handsaming av denne saka låg kyrkjeverja si saksutgreiing føre slik det framgår av saks-papira. Her vart det gjort greie for saksgangen fram til fellesrådet sin søknad om økonomisk løvving frå Høyanger kommune til istandsetjing av bedehuset til fleir brukshus med livssyns-nøytralt seremonirom vart avslagen. Etter dette fekk vi ein ny situasjon, og arbeidet har gått ut på å tenkje ut ein alternativ plan.

Med den alternative tilnerminga som er skissert i sakspapira, tok kyrkjeverja til orde for at det er Høyanger sokneråd, ikkje Høyanger kyrkjelege fellesråd, som no bør vurdere å overta Høyanger bedehus, men då til bruk som eit reint kyrkjelydshus. Dette har det vore behov for i lang tid. Til saka om framtida til Høyanger bedehus var det kome negativ uttale frå Kyrkjebø sokneråd, positiv uttale frå Bjordal og Ortnesvik sokneråd, positiv uttale frå Lavik sokneråd, og positiv uttale frå tidlegare sokneprest og prost Geir Sørebø.

Fellesrådsleiar orienterte om kva som no er status i saka. Deretter fekk kyrkjeverja ordet for å presisere kva som er realitetane i tilfelle Høyanger sokneråd ynskjer å overta Høyanger bedehus. Etter dette fekk Sturla Bell Fossen ordet for å klargjere Kyrkjebø sokneråd sitt syn, han gjekk gjennom mange tidlegare fellesrådsvedtak, og han stillte mange spørsmål som han fekk svar på.

Etter ein frisk og klargjerande debatt vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

- Vedtak:**
- A. Den føreliggjande intensjonsavtala mellom HKF og SFI om overtaking av Høyanger bedehus kan ikkje signerast.
 - B. Dersom Høyanger sokneråd vil vurdere ei overtaking av Høyanger Bedehus til bruk som kyrkjelydshus for eige sokn, vil det vere soknet sitt eige ansvar.

HKF vil i ettertid ikkje påta seg noko økonomi- eller driftsansvar for huset dersom andre enn HKF har gjort vedtak om å signere avtala om overtaking av Høyanger bedehus frå SFI.

SAK 24/20 VURDERING AV GODTGJERSLE TIL LAVIK SOKNERÅD

Kyrkjeverja si saksutgreiing i dette spørsmålet viste ut frå statistikk at det gjennomsnittleg er 23 gudstenester og 6,5 gravferder i Lavik kyrkje pr. år. Sett i forhold til gjennomsnittleg timebruk for kyrkjetenar til desse tenestene kan arbeidet reknast å utgjere 8% stilling, som kan samsvare med det årlege honoraret kr. 54 200 til Lavik sokneråd.

Kyrkjeverja sitt framlegg om å halde honoraret til soknerådet uforandra, fall. Det vart gjort slikt samrøystes

- Vedtak:** Godtgjersle til Lavik sokneråd for kyrkjetenartenestene og klokkartenestene vert frå 01.01.2021 å oppregulere i samsvar med lønsregulativ for tilsvarande betalte tenester i dei andre sokna i kommunen. Godtgjersla skal seinare årleg oppjusterast frå same tidspunkt som løn etter gjeldande aktuelle regulativ vert endra.

SAK 25/20 MØTEPLAN FOR FELLESRÅDET I 2021

- Vedtak:** 28.01. - 25.02. - 25.03. - 29.04. - 17.06. - 02.09. - 07.10. - 02.12.

SAK 26/20 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I FELLESRÅDET

- Vedtak:** Leiari: May-Wenche Fosmark, attvald med 9 røyster, samrøystes
Nestleiar: Sturla Bell Fossen, attvald med 9 røyster, samrøystes

For Høyanger kyrkjelege fellesråd

Bjørnar Otterstein, kyrkjeverje